

VARHAUGBUEN

ROGALAND OPEN 2020
SIDE 8-9

FOTOKLUBBEN
SIDE 12-13

SPESIELL SKULEDAG
SIDE 34-35



MODELLBYGGING SIDE 2-3

Trond Atle fortel at han alltid har tykt
modellbygging var spanande ...



MODELLBYGGING I ØVSTE KLASSE

Varhaugbuen fekk nyss om at det var ein på Varhaug som dreiv med modellbygging. Eg fann ut at dette var Trond Atle Olsen, lærar på storskulen på Vigrestad, men og ein som gjekk i same klasse som Lise - minstejenta vår - på barneskulen.

Nå bur han med kona Elisabeth og to jenter på 11 og 13 år i Svanevegen. Eg fekk til ein avtale med han, og nå har eg vore i hobbyromet hans i kjellaren. Me hadde ein gild drøs, der han fortalte om hobbyen sin, men det eg fekk sjå av ting han hadde laga, var utruleg imponerende. Her var det for eksempel eit kjempestort landskap med jernbane, tog, bygningar, buskar og tre. Dette var noko han laga for mange år sidan, nå stod det omtrent berre og samla støv, sa Trond Atle. Men inni glasmontere stod det fleire arbeid av hus og anna, ganske små, men du verden så detaljert og naturtro.

Trond Atle fortel at han alltid har tykt modellbygging var spanande, og for fem år sidan starta han med

bygging sjølv. Han lagar det mesta i skala 1:87, men og litt i skala 1:160. Han liker best å laga bygningar og landskap, og dette er laga frå botnen av, det er ikkje byggesett. Det han lagar mest, er eit såkalla diorama, som er ein tredimensjonal «scene» med for eksempel landskap, bygningar, køyrety, menneske og dyr.

Han får idear og inspirasjon frå verkelege bygg, men lagar og ein del av idear han berre får i hovudet. Noko spesielt han har laga er Handverksfabrikken til oppfinnaren Erik Alfred Tesaker. Dei fleste veit vel kven dette er både frå TV programmet «Oppfinnaren» på NRK og Farmen kjendis på TV2. Trond Atle laga eit diorama med denne fabrikken etter at han såg programmet på TV. Oppfinnaren kom sjølv til Varhaug for å henta arbeidet. Det var stas!

Det største prosjektet til nå var eit oppdrag frå Vigrestad Bygg i samband med deira 15 års jubileum i 2019. Då laga han eit diorama på 90x60 cm med ein byggeplass der Vigrestad Bygg var i full gang med å bygga eit grishus. Trond Atle seier dette var



eit veldig gildt og utfordrande prosjekt, men så bruka han og 90 timar på arbeidet. Arbeidet vart levert i glasmonter, og vart avduka på firmaet sitt julebord. I dag finn du dette i Vigrestad Bygg sine lokale, og dei vil bruka det til promotering av firmaet på messe og liknande. Sikkert unødvendig og seia at dette arbeidet sette Vigrestad Bygg stor pris på å få til 15 år jubileet.

Trond Atle brukar nok mange kveldstimar i hobbyromet i kjellaren. Eit utruleg ryddig rom, der ting og tang til bygginga var sirleg plassert på hyller og i boksar. Men slik orden bør det nok vera, for dette er mest som ein operasjonssal og mangt av det som vert brukt under byggearbeidet, er mikroskopisk smått. Og operatøren bør nok vera like stø på handa som ein kirurg. Han lagar hus og anna på bestilling, både frå inn- og utland. Folk som driv med modell jernbane kjem ofte til Trond Atle når dei har ynskje om eit spesiallaga bygg til anlegget sitt. Han har og fått oppdrag frå folk som ynskjer ein modell av heimegarden eller barndoms heimen sin. Då sender



dei med bilete eller teikningar, slik at Trond Atle har noko å gå etter.

Som nemnt er Trond Atle til dagleg lærar, så modell bygginga er berre ein gild hobby. Men dette kan kanskje med tida etter kvart verta eit lite firma?

Oppdraga han har hatt til nå, har for det meste kome frå folk som har sett noko av arbeida på Instagram-kontoen Olsen Models And Dioramas, eller på Facebook-sida med same namn. Trond Atle seier det er berre og ta kontakt, både firma og privatpersonar, om dei har noko dei vil få bygt.

Trond Atle har litt andre interesser og. Då er det fotball, og favorittlaget er Start (sikkert fordi faren kjem frå den kanten). Han liker og sykling, og var ei tid leiar i Varhaug sykkelklubb.

Varhaugbuen seier takk for ein truleg gild - og ikkje minst interessant «undervisningstime». Denne hobbyen kan nok Trond Atle og bruka i skulearbeidet på eit eller anna vis, vil eg tru. Lukke til vidare både på skulen og i hobbyromet. Liv



BETONGARBEID - TREARBEID
Mølleavn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



FARGERIKE
Halvorsen

JUBILEUMSFEST

Fredag 22. november feira Trekløveren barnehage på Varhaug 40 årsjubileum. Barnehagen ble startet av Norske Kvinners Sanitetsforening på Varhaug 1. august 1979. Da var det godkjent plass til 18 barn. I dag har Trekløveren barnehage 101 barn fordelt på to bygg: det opprinnelige bygget i Skulegata og et modulbygg i Pilevegen som ble åpnet i august 2010.

40 årsdagen ble feiret med bursdagssamlinger på begge bygg. Vi i personalet var enige om at målet med feiringen var å gi barna som går i barnehagen en trygg, gøy og god dag. Vi pyntet med ballonger og alle barna hadde laget sin egen krone som var pyntet med tegninger og trekløver. Barna hadde vært på tur til rådhuset med invitasjoner til barnehagesjef Hildegunn S.Husveg, kommunalsjef Walde-
mar Pettersen og ordfører Jonas Skrettingland. Vi ble så glade når de kunne komme og de fikk krone til å pynte seg med de også. Begge bygg fikk hvert

sitt gavekort i gave fra Hå kommune, det skal barna få bestemme hva vi skal bruke på. Ellen Gudmestad Gard, som var styrer i barnehagen i 1979, kom også og var med på feiringen med krone på hodet, det var veldig kjekt at hun tok turen til Varhaug.

I Pilevegen samlet avdelingene lind, eik og pil seg. De hadde samling med sang, lek, dans og eksperimenter. En ballong blåste seg opp med gass fra eddik og natron; kjempespennende! De hadde dansehow og ordfører Jonas ble med i dansen. I Skulegata samlet avdelingene marihøna, bikuben og murtua seg. De hadde samling med besøk av «Ein-ar» som gikk i barnehagen i 1979, trylle-Lars som fikk en kanin til å fly og SuperShow med de eldste barna fra grønn gruppe på bikuben. Barna hadde diktet en historie som pedaogog Liv fortalte mens barna dramatiserte om en tyv som fikk hjelp av en pirat, en hund, spiderman, politi og en rev som ble forvandlet til en mus av ei heks.

Vi gleder oss til 40 nye år!

Siri Kartavoll



«AUEST» BASAREN

Eg trur at denne basaren har di fleste på Varhaug eit eller anna forhold til. Sidan det truleg er den eldste basaren i bygda, starta i 1877, spurte eg Solfrid Skretting om ho ville skriva litt.

Det var ei misjonsforeining» N.M.S. Auestad krets» som starta med basaren, og den vart alltid halde 6. januar – eller trettande dag jul -på Auestad skule. Foreininga hadde i starten møta sine på skulen, men på syttitalet flytta dei til misjonshuset både med møta og basaren. Og basaren den var då og 6. januar. Med tida endrar seg, ikkje alltid det passa med basar ein kvardag. Så i 2013 starta dei med å ha basaren på misjonshuset den første laurdag i januar kl. 12.00. Og dette har vore ein suksess!

Solfrid fortel om basaren 4. januar i år. «Masse, masse folk dette året, og mange som har hatt mor, bestemor eller oldemor i foreininga. Gaute Øgreid Rasmussen tala, og Holger song. Det har han gjort mest kvar basar, sidan han flytta til Varhaug. Takk til han! Masse god mat, gildt drøs og mange flotte gevinstar, både til store og små og mykje pengar. Me fekk inn kr. 87.250».

I Auestad kvinneforeining er desse med: Gerd Ånestad, leiar. Oddveig Moi, Gerd Skretting. Herdis Reinås, Leikny Ånestad, Leid Varhaug, Myrthle Tjemsland og Solfrid Skretting.

Stor honnør til desse damene som held liv i den gamle foreininga og «Auestbasaren».

Liv



FRÅ REDAKSJONEN

Så er me snart ferdig med månad nummer to i 2020.

Utruleg så fort raser tida av garde. Når me nå heller ikkje har hatt nokon vinter, kjem me nok heller ikkje til å merka overgangen til våren så mykje. Her har både gras, ugras og plante vakse, mens dei helst skulle vore i dvale. Eg kjøpte julenek før jul, men sidan snøen ikkje kom hasta det ikkje så veldig med å henga det opp. Ein stad i bladet vil du finna bilete av koss det ser ut nå, der det har vorte liggande på eit bord attmed husveggen.

Elles så går dagane som dei plar, men i det siste har eg tenkt litt på «fram på vetteren stundom han tenkte....» Eg er ikkje van med å reisa til syden og varmen vinterstid, men i vinter har eg vorte litt lei av regn og vind. Men eg gløymer det fort når det er vindstille og sola skin. Veret har vore litt omanidom heile vinteren. Men me bur nå på ein god plass, der det korkje er snø eller jordskred, slik det er mange andre stader i landet.

Så er det berre å kryssa både hender og føter og håpa at corona-viruset ikkje kjem til oss. Apropos Corona, det er ein ølsort med det namnet, og nyleg les er at salet på det hadde auka ein del i det siste. Mest utruleg det som får sal av ei vare til å auka.

Når dette bladet kjem ut, er det berre cirka ein månad til påske. Difor kan det vel nå passa og seia GOD PÅSKE til alle lesarane.

AFTERNOON-TEA PÅ HÅ SJUKEHEIMEN OG PÅ SLOTTET



Onsdag 27. november (2019) var det duket for Afternoon-teaen på Hå sjukeheim. Dette er et arrangement vi har sett frem til og gledet oss til siden avtalen kom i havn. To ganger i året blir det arrangert Afternoon-tea på Kafè Jærbuen både for medlemmer og alle andre som har lyst. Da får vi servert små, smakfulle smørbrød og kaker som er laget av kortreist mat. De som vil får et glass med bobler, med mulighet for å kjøpe mer, samt te og kaffe. Disse dagene selger vi årer, der inntektene går til å arrangere Afternoon-tea på Hå sjukeheim en gang i året.



Allerede klokken 1515 var flere av oss i gang med å lage klart til kveldenes "happening".

Klokken 1800 var atriets fullsatt av over 50 beboere, inkludert læringer og ansatte. Vi var heldige og hadde fått med oss 3 ungdommer fra Nærbø Ungdomsskole til å hjelpe oss med serveringen. Kafè Jærbuen laget og tilberedte den kortreiste maten, og alle deltakerne var svært fornøyde med måltidet.

Det ble salg av årer med smakfulle gevinster. Kvelden endte klokken 2000, med fornøyde deltakere og arrangører. Takk for denne gang, vi hadde en utrolig kjekk kveld sammen med alle de som deltok!



Nærbø sanitetsforening er for alle, vi ønsker nye medlemmer, i alle aldersgrupper, hjertelig velkomne! Ta gjerne kontakt dersom du lurer på noe. Har du en ide om noe du har lyst å gjøre, så vil vi gjerne høre fra deg, vi er blant annet å finne på Facebook. Vi ønsker å være for alle.

Tekst og foto: Merete Kvía



Nok ein frivillig på Slottet

Varhaugbuen skreiv i nummer 3/2019 om Eirik J. Varhaug, som fekk Kongens fortjenestemedalje og diplom på 90 års dagen. Nå har Eirik J. og kona vore på Slottet, og helsa på Kongen.



Det var dronning Maud som i si tid innførte after-noon tea på Slottet. Seinare år har dette vorte ein dag for å hylla dei frivillige, der kommunane får spørsmål etter kandidat. I år vart Klare Reime Ueland Hå kommune sin representant. (Varhaugbuen skreiv om Klara i nr. 4/2018).

26. november 2019 var Klara på Slottet, saman med mange andre frivillige frå heile landet. Den dagen var det 150 år sidan dronning Maud var fødd. Eit stort augeblikk då Klara fekk helsa på kongen. Dronning Sonja og Prinsesse Astrid var og til stades. Her vart det servert god mat og «sprudde» i høge glas.- (Nett som dei og gjorde på sjukeheimen omtrent på same dagen, 27. november)

Ein stor dag, og eit minne for livet, seier Klara.



ROGALAND OPEN 2020 - UTSTILLING AV RASEFJÆRKRE

FYLKESUTSTILLING FOR RASEKANINER OG KANINHOPPING 2020



Denne plakaten stod på inngangsdøra på «Iden», då eg kom på trimmen i januar, og det skulle vera helga 24./25. januar. Dette må nå vera noko for første nummer av Varhaugbuen i 2020, tenkte eg. Og laurdag var eg på plass, og synet som møtte meg i Hallen var ganske imponerende. Nedst i hallen var det gjort klar for kaninhopping, med ymse forskjellige hinder, så kom det 125 bur med kanin, og for eit vell av rasar! Øvst i hallen var det 215 bur med utruleg mange artar av fjørfe. Her var det både haner, høner og ender i utruleg mange fine fargar og fasongar.

For meg er i grunnen ein kanin ein kanin, men då eg gjekk innover i salen og les på bura; *Hermelin, Tysk Kjempeschecke, Belgisk Kjempe, Blå Wiener, Fransk Vedder, Rex* - (prikkitte, likna ein dalmatinar), *Hvit Land*. Liten *Tysk Wedder* og endå fleire, fann eg ut at ein kanin var mykje meir enn «berre ein kanin».

Eg fann ein brosjyre «Kaniner - en levende hobby», der er mellom anna kunne lesa: «Kaninutstilling, hva er det? Nye medlemmer er ofte usikre på hva dette med kaninutstilling egentlig er for noe. For at kaninen skal kunne delta på utstilling må den være øremerket. Så innmeldes den til arrangøren innen en oppgitt dato. Videre må eier følge arrangørens instruksjoner ...»

Norges Kaninavlsforbund (NKF) ble stiftet i 1897, med ett av formålene, og noe av det vesentlige; å ivareta de forskjellige kaninraser. Norske husdyr har gjennom århundrer fått satt opp standardkriterier om hvordan idealet skal være. Likeså har vi dette på kaniner ...»



Ein lærar sa ein gong: «Me lære så lenge me har elevar». Føle mest det kan samanliknast med meg og Varhaugbuen. Det er utruleg så mykje forskjellig eg har fått med meg opp gjennom åra i arbeidet med bladet.

Så var det bura med fjørkreet, som stod for tur. Her og trur eg augo mine vart berre større og større etter kvart som eg les på bura; *Rhode Island, Antwerper Skjegg høns, Norske Jærhøns, New Hampshire Silkehøns, Tysk Dverg, Tysk Wyandotter, Damand, Brahma, Plymoth Rock, Australorps* og mange, mange fleire. **Heilt imponerende!**

Eg fann ein brosjyre her og: Norsk Rasefjærfeforbund NRF - (når eg ser dei bokstavane, tenker eg på ku) - «er foreningen for deg som er intereesert i fjærfe som hobby og framfor alt rasefjærfe. Vi favner om høns/dverghøns, kalkuner, ender, gress, fasaner, påfugler og vakler. Vi har lokalklubber spredt over store deler av Norge. Vi har også flere spesialklubber for de som er særlig opptatt av særskilte raser»



Ja, så fekk eg vita litt meir om fjørfe og. Eg har hatt både besteforeldre og tante med høner på garden, men dei var enten kvite eller brune. Men eg huskar bestemor hadde ein hane som likna litt på ein av desse flotte her.

Det var mykje framandfolk på utstillinga, men eg møtte i alle fall ein kjent; Jonny Hadland som hadde 32 kaninar, og ein av kaninane hans - ein Rex - (den typen som liknar ein dalatiner) fekk premie som «Best in show. Det var nok flest vaksne i Hallen, både av publikum, utstillarar og domarar, men og ein del ungar, der dei minste fekk kausa på ein del av ei mjuke kaninane som sat heilt musetille ute på bura sine. Dei litt større ungane var opptekne med trening av kaninane som skulle vera med i kaninhopping konkurransen.

Det vart ein ganske fornøyeleg ettermiddag på Iden, som eg slutta av med kake og kaffi ute i kaffe'n.

Liv

HÅ KARATEKLUBB PÅ VESTLANDSCUP WKF



T.v. Egle Isakoviene, Arild Hølland, Matas Isakovas, Adriely Lauritsen, Roger Lauritsen og Sensei Audrone Sirokova.

Utøverne fra Hå konkurrerte mot utøvere fra klubber på hele Vestlandet, og fikk skikkelige utfordringer, enten det var i kumite (kamp) eller i kata (teknikk). Mange flotte prestasjoner og mange gode erfaringer å få med seg for utøverne.

Våre dyktige og spenstige utøvere hentet hjem gull i kata og kumite for gutter 8-10 år, gull i kata og kumite jenter 11 år, bronse i kata gutter 12-13 år, fjerdeplass i kata og kumite for jenter 12-13 år, bronse i kumite gutter 14-15 år, gull i kata kvinner 40+, gull i kata menn 40+, gull i kumite menn 40+ og gull i lag-kata i aldersklassen 40+.



Maren Marie Christensen-Dreyer i kamp.

Nytt styre i Hå karateklubb er:

Leder:	Audrone Sirokova
Nestleder:	Gediminas Sablinskas
Sekretær:	Laila L. Christensen-Dreyer
Styremedlem:	Roger Lauritsen
Styremedlem:	Egle Isakoviene
Kasserer og revisor:	Svein Borgen
Varamedlem:	Ragnhild Fuglestad
Revisor:	Arild Hølland
Valgkomite:	
Leder:	Elling Varhaug
Medlem:	Eirik Høyland
Medlem:	Arturas Kudis



T.v. Adriely Lauritsen og Matas Isakova med medaljefangsten.



Over: Egle Isakoviene i kata.



Jens Magnus Christensen-Dreyer i kata.

ABRØR

Trenger du hjelp
ta kontak med okka
folk på Varhaug!!!
Ring 48 50 97 81

Vi utfører alle
typer oppdrag innen:
Bolig, nybygg, rehabilitering,
service, fjøs og industri

Jan Inge Auestad
48 50 97 81
janinge@abror.no



Tlf 48 50 97 80
post@abror.no



Bente Vigre (fritt)

ÅRSMØTE I FOTOKLUBBEN

Av Marianne Kristiansen, Varhaug fotoklubb

Fotoklubbens årsmøte gikk av stabelen i februar. Det var godt oppmøte og vi fikk tatt beslutninger som er viktige for den videre driften av klubben.

Nye og gamle koster i styret

Fotoklubben ledes av et styre på fire medlemmer. Styremedlemmene velges for to år av gangen. Dette året ble Bente Vigre og Terje Andersen valgt inn som nye styremedlemmer. Vi ønsker dem lykke til i de nye vervene og håper de får en trivelig jobb. Kjell Gunnar Arnesen og Marianne Kristiansen sikrer kontinuiteten i styret og skal være med ett år til.

Takk for innsatsen Rune

Rune Scheie har ledet fotoklubben de siste to årene. Han har også stått for bildevisningene vi pleier å ha på møtene. Rune er en uvurderlig ressurs for klubben. Han deler villig vekk av fotokunnskapene sine og sier alltid ja når noe skal gjøres eller noen trenger hjelp. Vi er utrolig heldige som har han på laget. Nå ønsket han å få avløsning fra styrevervet, men vi håper å få beholde han i klubben i mange år til. Tusen takk for innsatsen!

Møter og kontingent

Fotoklubben vil fortsette å ha møter i Lensmannsløa den første mandagen i hver måned fra kl. 19-21. Er du fotointeressert og har lyst til å dele interessen med andre, kan det hende at vi er klubben for deg. Kom gjerne innom på et møte for å se hva vi holder på med. Vi tilbyr gratis prøvemedlemsskap i to måneder. Skulle du ha lyst til å fortsette, er kontingenten du må betale ikke veldig avskrekkende. Den er kun på kr. 300,-.

Kontaktinformasjon

Hvis du ønsker å komme i kontakt med fotoklubben, kan du sende e-post til vår splitter nye e-post-adresse: Varhaug.Fotoklubb@outlook.com Det går også an å sende oss meldinger via siden vår på Facebook. Marianne Kristiansen kan nås på tlf.: 41 67 89 50.

Bildene som er med denne artikkelen er tatt av medlemmer i klubben til de to første møtene våre i år. Da har fototemaene vært henholdsvis «fritt» og «naturfenomener».



Evy Vigre Reime (fritt)



Gunnvor Bjorland (fritt)



Gunnvor Bjorland (fritt)



Rune Scheie (fritt)



Rune Scheie (naturfenomener)



FRAM CUP 2020

Lørdag 1. februar var me så heldige å fekk være med på Fram cup 2020 i Klepphallen.

Me stilte opp med eit lag i junior og eit i senior. Juniorane fekk ein sterke 3. plass og seniorane spelte 3 jevne kampar men tapte dessverre 2 av dei. Men me vil takka for ein veldig gild og lærerik dag.

Malin & Aline



NYTT FRÅ LERBREKK

«OM LIDT ER KAFFEN KLAR ...»

Graudafesten var torsdag 5. desember. Med oss denne gongen var Tore Jørpeland som fortalde om panneverk på Madla. Som vanleg var skulestova for liten denne kvelden. Varmt, intimt, og god stemning i tillegg til god song så nesten taket kunne letta sjølv om det er høgt under taket.

Juletreffesten 28. desember var også godt besøkt. 54 personar, både store, små, unge og eldre var møtt fram denne ettermiddagen. Det var Anne Bergitte Auestad som var med oss og hadde andakt. Ho brukte ein to meters tomrestokk til å dramatisere juleevangeliet med. Ulike figurar vart til med hjelp av tomrestokken. Både små og store sat undrande og fylgde med. Gang rundt juletreet til musikk av Agnes og Olav. Og sjølvstekt servering med posar til ungane.

Sundagskafé

Me er alt kome eit stykke ut i februar, så første sundagskafé er tilbaketil med godt besøk. 54 personar var innom, og det er gildt å registrera at også nye personar finn vegen til Lerbrekk for kaffi og drøs. Når bladet kjem ut er også sundagskaféen i mars over.

Det vert framleis første søndag i månaden, unnateke mai, som er avsett til konfirmasjonsselskap. Så noter datoane: 5. april, 7. juni og 5. juli. I august vert det grillkveld.

Årsmøte

Det vert årsmøte torsdag den 19. mars kl. 19.00. Vanlege årsmøtesaker og utlodning. Med oss eller vert John L. Midtbø frå Rekefjord. Han vil syna bilete og fortelja om sildefiske på Norskekysten på 1960-talet.



Kaffi og mat høyre sjølvstekt med på eit årsmøte.

Alle er velkomne, både medlemar og andre. Årsmøte på Lerbrekk er ikkje som andre årsmøter. Her er det ekstra gildt å koma.

«Kvardagsfolk», boka om skulen, er framleis å få kjøpt. Ta kontakt med Sigbjørn Varhaug, mobil: 970 53 731.

Om du ynskjer å leige skulen til eit selskap er det også Sigbjørn du tek kontakt med.

Brit Obrestad

ODLAND 4/s
FORSKALING OG STØYPING

4360 VARHAUG



SI BYGG
www.sibbygg.no
MESTERHUS – det blir som avtalt

HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken er no på Bø skule på Nærbø.

Vi spiller på torsdagar frå kl 1730 til ca 1845.

Det er nokre ivrige unge sjakkspelarar som kjem på samlingane. To har vore med i fleire år, medan 2-3 er heilt ferske. Det varierer mykje kor mange som kje men i vår har det ikkje vore færre enn 8 pluss nokre foreldre.

I vår er det Hå-meisterskap, det måtte flyttast fordi det var kollisjon med andre sjakk-turneringer. No vert det arrangert 14. mars kl 1000 på Varhaug Misjonshus.

Det vert som vanleg spela i to klasser, meister o nybegynnar. Alle får deltakarpremie, og dei tre beste i kvar klasse får pokal. Og så er det vandrepokalar til skulane der vinnarane går. Desse er spona av bedrifter i Hå og når dei er vunne tre gong av same skule, så vert den gitt til den skulen. I 2019 gjekk nybegynnerpokalen til Bø skule medan meisterpokalen gjekk til Tryggheim ungdomsskule. Og der vert den stående fordi det var tredje gongen ein elev der vart meister. Me må få fatt i ein ny vandrepokal til Hå-meisterskapen i vår.

Det vert KM for lag 21. mars på Sola vide-regående skule, og så vert det NM for skolelag 17. april i Molde. Kanskje nokre lag frå Hå kan vere med dit. I såfall vil Skulesjakken spona deltakarane.

Og dei som vil møte Magnus Carlsen og dei andre toppane i verdas sjakkelite kan delta på Norway Chess School turneringa 12-13. juni i Stavanger. Her er det tre-mannslag som gjeld. Og toppspelarane kjem innom og helsar på dei som deltek på skoleturneringa.

I fjor og tidlegare arrangerte Hå skulesjakk VM i utesjakk under Varhaugmarken første helga i juni. Men no har Hå kommune tatt bort det store utesjakkbrettet foran rådhuset, - så no undrast me på korleis gjere det i år?

Om det som skjer i sjakk, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>

SJAKK FOR VAKSNE

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spiller på onsdagar. Vi spiller no i personalkantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1830 til bortimot 2200.

Klubben stilte med to lag i vestlandsmesterskapet 2020 som gjekk 31/1-2/2 på Sandnes VGS. Vi stilte i andredivisjon, og av dei 12 lagene som deltok vart vi nr 2 og 5. Det var 4 manns lag, og frå Hå stilte vi med 6 spelarar.

Klubben har no gåande ei langsjakkturnering. Sju runder med 90 minutt pluss 30 sekund per trekk. To runder i januar, to i februar, to i mars og ein i april. Ein treng ikkje delta alle gongene, men må vere på plass før trekking vert gjort.

Programmet for klubbkveldane i vår (etter 12/2) ser slik ut:

Onsdag 19. februar - Lynsjakk (12 runder, 3m+2s)

Onsdag 4. mars - Årsmøte + Lynsjakk

Onsdag 11. mars - Langsjakk - Runde 5

Onsdag 18. mars - Langsjakk - Runde 6

Onsdag 25. mars - Fischersjakk

Onsdag 1. april - Langsjakk - Runde 7

Onsdag 15. april - Hurtigsjakk 1 (5 runder, 10m + 5s)

Onsdag 22. april - Hurtigsjakk 1 (5 runder, 10m + 5s)

Onsdag 29. april - Ringsjakk

Onsdag 6. mai - Lynsjakk (12 runder, 3m+2s)

Onsdag 13. mai - Hurtigsjakk 2 (5 runder, 10m + 5s)

Onsdag 20. mai - Hurtigsjakk 2 (5 runder, 10m + 5s)

Onsdag 27. mai - Ringsjakk

Onsdag 3. juni - Lynsjakk (12 runder, 3m+2s)

Onsdag 10. juni - Tematurnering

Onsdag 17. juni - Lynsjakk m/tidshandicap

+ premiering av sammenlagtvinners og vårturneringen

Deltagelse i alle turneringer (ikke langsjakk) teller med i vårsammendraget.

Sammenlagtvinners premieres siste klubbkveld før sommeren.

Klubben har egen internettside:

<https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakklubb». (sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing fra Per-Arvid

BYGDEKVINNER DELER MATGLEDE

Det er enno vinter sjølv om lite minnar om det. Snø- og klosterklokkene titta fram for fleire veker sidan, og hekkene spirar. Vonar det endar godt. Me i Bygdekvinne laget hadde i januar ein sær sars vel-lukka kveld med kokebokforfatter Maggi Gausel. Det var ei festleg og fargerik dame å høyra på. Godt 50 stykker møtte opp den sure januarkvelden.

- **27. februar** får me besøk av Ystepikene. Det gler me oss til. Då serverar me salat, smaksprøver av osten deira.
- **26. mars** vert det sonemøte på Bore. Gildt om du blir med, så me vert ein god gjeng.
- **30. april** vert det møte på Felleskjøpet i lag med Hagelaget. Der vert det nok mange gode tips å få med seg.
- **24. april** vert det strikktur til Kristiansand i år også. Oddbjørg tek imot påmelding. Det er lurt å vera rask, det er mange som alt har meldt seg.
- Bygdekvinne laget sin årlige tur vert dette året slått saman med Trimturen. Turdagen vert **16. juni**. I år reiser me sørover. Meir program kjem etter kvart.
- I haust prøvde me oss med sykafe. Det var vellukka, så Brit har sett opp onsdagene **19. februar** og **18. mars**, kl 16.15-19.00 på Velferdssenteret.

Bygdekvinne laget har òg vore så heldige å få ein del av gåva Rogaland bygdekvinne lag har fått av Gjensidigestiftelsen under temaet «Bygdekvinner deler matglede». Første del av dette var møtet med Maggi Gausel.



Linda Viste, Bjørg Djøseland, Gerd Berit Viste, Irene Bratland, Aud Bratland Bø, Oddbjørg Skrettingland og Astrid Varhaug.

Meir program kjem etter kvart. Me ynskjer alle ein fin vår og ein god sommar.

Varhaug Bygdekvinne lag
Liv Reiestad

ER DU UNDER 40 ÅR OG HAR LYST Å SJÅ/LÆRE KORLEIS VI BAKER LEFSE???

Som del av prosjektet «Bygdekvinner deler matglede», midler tildelt frå Gjensidigestiftelsen, vil Varhaug Bygdekvinne lag ha eit lite kurs i lefsebaking - **Mandag 30. mars** på Varhaug Ungdomsskule kl. 18

Max 10 deltakere og kurset er gratis.

Påmelding innan 20. mars til Bjørg Reime Håland, telf. 412 31 732.

SpareBank 1
SR-BANK
Sammen får vi ting til å skje.



Varhaug
Park & Hage

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no



God stemning preger ofte Lensmannsløa.

JULENATT I LENNSMANNSLØA

Desember blei ein svært fin månad for oss på klubb. Nytt av året var julenatt i Lensmannsløa 3. juledag. Forelder Nils Morten Espedal deltok som nattevakt saman med oss som arbeider på klubb til vanleg, noko me sette stor pris på, og dei fleste ungdommane var vakne til kort tid før dei skulle hentast. Det vart ei roleg arrangement med mange gode minner.

Januar starta tåleg med besøkstal på ca 40 ungdom innom, men i overgangen februar hadde me igjen 60 stk på plass. Mange nye fjes, men og mange av dei kjente kjære. Det er gildt å sjå nye venskap starta på tvers av alder og bygd, sjå smilande fjes og høyra latter – det er kanskje det som gjer det så utruleg gildt å gå på jobb for oss som arbeider her.

Ungdommane er like svoltne som før, og lærlingane me har på jobb, Alise Kvía og Elise Marie Håland har laga enormt mykje god mat dette året. I tillegg til lærlingar har me i 6 veker 2 elever, Embla og Nora, frå Time VGS i praksis no. Det er og heilt supert. Me toppar med at Nærbø BU har vore sjå oss litt og hatt swingkurs på loftet, til stor glede for mange. Tusen takk til dei. Pangstart på det nye året med andre ord. Me kjenner oss ekstra heldige og svever litt på den kjensla og håper den vil vara lenge.



God stemning preger ofte Lensmannsløa.



Kahoot på julebordet.



Mange syr no klede på klubb, og dei er utruleg flinke og produktive.



8Kjempegildt med swingkurs på loftet.



Det kan vera stritt å ikkje sova ...



Gildt år det er fullt rundt bordet, pinnekjøtt, gåver og riskrem.



Mykje kreativt skjer på ungdomsklubben, enten som kurs eller som her av eigen interesse.



Taco til kvelds og hamburger til nattmat då me arrangerte julenatt i Lensmannsløa.



Kjekt når foreldre er med og går nattevakt.



Nydeleg bilete av nydeleg ungdom.

SNART VERT DET SOMMAR, OG KOR VART VINTEREN AV?

På misjonshuset er det no full fart med møter, årsmøter, eldtretreff, korøvinger og gudstenester. Kvart år er det Auestadbasaren som starter semesteret,- og da er huset stapp fullt og det er god mat og god stemning. Og juketrærne er rydda vekk.

Eg gjer merksam på at ikkje alt er utleigd til konfirmasjon første og andre helga i Mai. Treng nokre av dykk å tinga rom for konfirmasjon så ikkje vent for lenge; no er det tinga plass til lørdag 2/5 og søndag 10/5.

Årsmøtet for misjonshuset vert 12. mars. Til da vil styret ha levert inn søknad til Hå kommune om støtte som kulturhus, søknad gjeld utstyr og vedlikehald. Og ein jobber no med å fornye prislista. Ein vil få bort kravet om at det skal betalast 5% av all omsetnad på møter og basarar, unnateke var inngangspengar. Med bruk av vipps og bankterminalar er det ikkje lett for kassererane å få 5%en riktig.

I mars er det mykje som skjer: Det vert både herrekveld og kvinneforeiningsfest. Og «sang og musikkfest» og samlivskurs med minikonsert, og ungdomslaget har enno ein gong ei helg med «back

to basic»! Noko for einkvar smak. Velkomen til huset.

Følg med,- følg med.

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internetsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett: http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.
Med helsing, Per-Arvid



HÅ HAGELAG

12. mars kl. 19.00

i Lensmannsløa.

Tema: Hage på balkongen ved Ole Geir Skjæveland.

Servering.

ALLE VELKOMNE



TREKLØVEREN BARNEHAGE

40 ÅR

Barnehagen hadde jubileumsfest like før forrige nummer av Varhaugbuen skulle ut, så difor tek eg med litt nå.

Eg har vore i barnehagen, og snakka med leiar, Siri Kartevoll. Det var Varhaug sanitetsforeining som starta den første barnehagen på Varhaug i 1979, då med 18 ungar. I starten var namnet Varhaug barnehage, men i 1981 vart det endra til trekløveren barnehage. Dette var nok lurt, og ikkje minst viktig, for trekløveren er jo Norske kvinners Sanitetsforeining sitt merke. Og det er nok ikkje mange i dag som kjem på at det var saniteten på Varhaug som fekk dette i stand, dei fleste trur nok at det var kommunen.

Trekløveren barnehage er to barnehagar med 103 ungar, delt på Pilevegen 5 med avdelingane lind, eik og pil, og Skulegata 14 avdelingane marihøna, maurtua og bikuben.

Ved opninga i 1979 var Jærbladet på plass, og dei snakka då med leiar i Sanitetsforeininga, Torunn Ånestad, og Jærbladet lurde på koss dei hadde klart å skaffa pengar til eit så stort prosjekt. Torunn fortalde at dei hadde fått stønad og lån frå staten i tillegg lån i lokalbanken. Hå kommune har stilt tomt til disposisjon, og har lova å dekkja underskot av drifta. Torunn gir skryt til byggekomiteen og Brødr. Hetland AS, som stod for bygginga.

Jærbladet spør Torunn om det er nokon som stiller seg uforståande til barnehagebygget, og får dette svaret: «Litt skepsis har me møtt. Det er nokon som meiner at foreldra sjølv må ta seg av ungane, og ikkje senda dei frå seg. Eg vil difor gjerne streka under at foreldra både har plikt og rett til å oppseda ungane sine, og at barnehagen berre er ei hjelp i dette arbeidet».

Det var i 1979. Reknar med at Torunn kjenner igjen svaret sitt. Nå er me i 2020, og Siri kan fortelja at det er foreldre som har ungar i Trekløveren nå, som sjølv har gått der. Det var gildt å koma tilbake her, for i 1982/83, gjekk minstejenta vår, Lise, her. Eg kunne kjenna meg litt igjen, men det var sandeleg ikkje lett, for mykje er skjedd både innomhus og utanfor sidan den tid. Lure på om ikkje avdelinga heitte Marihøna då?

Nå kan ungane starta når dei er 1 år, og gå til skulestart. Det er ikkje alle ungane som er i barnehagen

100%, foreldra kan velja om dei vil ha delt plass.

I brosjyren for Trekløveren barnehage les eg: Visjonen vår er «Barn og voksne opplever trygghet, tid og trivsel.»

Trygghet er grunnleggende for arbeidet i barnehagen. Vi tar oss tid til lek i Trekløveren.

Trivsel skapes gjennom positive opplevelser».

I tillegg til alt som ungene har føre seg innomhus, er dei ute på tur til Leksaren og friområdet ved Fellesen og åna. Dei går og opp til Iden kvar tysdag, i all slags ver. Her er det tydeleg at det er ingen ting som heiter dårleg ver. Dei minste ungane har brukt gym.salen på skulen, men nå i byggeperioden har dei nytta seg av gym.salen på ungdomsskulen til sine aktivitetar.

Til sist må eg nemna Skuleklubben. Her får dei i barnehagane, som skal starta på skulen til hausten, vera med frå januar månad. Dei møter på skulen annankvar fredag, der dei vert kjende med lærarane, klasseroma og ungar frå andre barnehagar, som dei skal begynna på skulen med. Dette må vera med på og gje ungane ein fin og god overgang til skulelivet. Husker frå mi tid at det ikkje var like lett for dei ungane som kom frå gardane utanfor stasjonen, og ikkje var van med å ha så mange ukjente rundt seg.

Liv

VARHAUGMARKEN

Varhaugmarken 5. og 6. juni.

Programmet for dagane vert stort sett som tidlegare år, med «ongaløpet» på fredag og Varhaugsmilå på laurdag. Ja, og sjølvsgat frukosten på laurdag, som er sponsa av R. Skretting, Coop Extra, Spar og Q-meieriet. Som før, tek bygdekvinnelaget tek seg av serveringa.

Nytt for året: Varhaugmarken skal kåra Varhaugs sterkaste.



Flinke og fjåge folk. På taket f.v.: Eivind Veen Høien, Tord Skrettingland og Kim Atle Gausland. Framme f.v.: Bengt Henriksen, Lars Haver, Glenn Skretting, Ole Kristian Ingebrethsen, Ole Terje Aarrestad, Edvard Risa, Ståle Skretting, Sondre Ueland, Ola Askeland Ueland, Vegard Årslund, Tormod Tønnessen, Jonar Varhaug, Asle Ingebrethsen og Roger Laursen Haver.

FAGLIG FOKUS I FØRTI ÅR

Fra Tyskland til Svalbard

- Siden 1980 har SI.Bygg på Varhaug bygd hus til glede for både jærboer og andre. Faktisk har vi vært med på byggeprosjekter fra Tyskland til Svalbard, men først og fremst på Jæren, sier Ole Kristian Ingebrethsen som startet firmaet sammen med Ståle Skretting en januardag for førti år siden.

Siden den gang har bedriften opplevd medgang, og litt motgang. Fra to ansatte har bemanningen vokst til 20 flinke fagfolk på lønnslista i dag.

Passe størrelse

Målet har alltid vært å ha en håndterbar størrelse. 15-20 ansatte er perfekt, synes Ole Kristian. Det har også bidratt til å unngå permitteringer, selv i de tøffeste periodene. Men det betyr ikke at firmaet står på stedet hvil. Helt siden oppstartsåret har de hatt lærlinger, og satser bevisst på stadig å få inn nye krefter og mer kompetanse. Byggfaget står ikke stille.

Stolthet som drivkraft

Selv om byggematerialet ofte er tre, er SI.Bygg bygget stein på stein. I god jærsk ånd. Det var en milepæl da bedriften i 1987 ble med i Mesterhus-kjeden, en landsdekkende kjede av byggefirma med byggmesterpapirer. Mesterhus står for kvalitet, og det var en betydelig annerkjennelse for SI.Bygg da de, som første bedrift, ble kåret til Årets Mesterhusbedrift i 2001. Begrunnelsen var både det faglige nivået i SI.Bygg, og innsatsen for å gjøre kjeden stadig bedre. Ole Kristian sier at de er genuint interesserte i faget og kundene. Ingenting er gildere enn å bygge gode hus og få fornøyde kunder.

Bygger grønt

Produsenter og leverandører har et stadig større fokus på at materialene som benyttes i boligbygging skal være miljøvennlige. I dag kildesorteres og resirkuleres alt byggeavfall. Hele 99 % av avfallet som blir levert til godkjent mottak, gjenvinnes. Før i tida ble det bare fyrt opp et bål på arbeidsstedet, og mye av avfallet ble brent. Midt på nittitallet dukket til og med brannvesenet opp på et boligfelt i Gravarslia på Sandnes. Bålet var kontrollert nok, men ingen hadde varslet brannvesenet, slik de visstnok krevde på Sandnes. Men det endte godt.

Rehabilitering lønner seg

Bedre isolerte vinduer, etterisolering av yttervegger, og balansert ventilasjon bidrar til redusert varmetap og dermed mer energieffektive hus. Det har blant annet ført til mange rehabiliteringsjobber for SI.Bygg. Eldre hus kan bli langt mer energieffektive ved etterisolering og skifte av vindu. Og når en først er i gang, er det jo mulig å gi huset en ansiktsløftning eller større og lysere rom. Rehabiliteringsmarkedet vil vokse framover, og der har SI.Bygg mye å tilføre, både av smarte løsninger og godt håndverk til konkurransedyktige priser.



Næringsbygg er ingen hindring. Konferansesenteret i Sirevåg er levert av SI.Bygg.



Rehabilitering lønner seg. Dette huset fikk nye energieffektive vinduer og lys, trivelig stue.

Lagbygger

Å støtte lokale lag og organisasjoner i Hå kommune økonomisk og med arbeidsinnsats, har alltid vært viktig for SI.Bygg. Det bidrar til å opprettholde et variert og godt tilbud for lokalbefolkningen. Lag og organisasjoner skaper samhold og dugnadsånd. De fleste plassene på Jæren hadde ikke vært det de er uten god dugnadsinnsats. Og noen av de unge som er med i organisasjons- og idrettslivet er framtidige byggmestere. Gjerne i SI.Bygg.

Tenker stort og ser framover

Allerede i 1984 hadde SI.Bygg sitt første egenregi-prosjekt på Brusand. Senere kom store boligområder på Bratland, Motland og Lye. Leksaren på Varhaug blir det neste store boligprosjektet. Her har SI.Bygg og Block Watne gått sammen om bygging av rundt 150 boliger. Reguleringsplanene er godkjente, men rekkefølgekravene er tøffe og markedet er litt avventende for tiden. Men, det kommer. Leksaren har tidsperspektiv på 10-15 år før det er helt ferdig, så det er ett av beina SI.Bygg skal stå på framover. Rehabilitering av boliger er ett annet viktig bein. For å si det med slagordet til Mesterhus: «Det blir som avtalt», i 40 år til. Minst.



UTVEKSLINGSTUR TIL POLEN

Her kjem eit lite bidrag frå Ungdomsrådet i Hå:

Måndag 3. februar hadde Ungdomsrådet planleggingsmøte om utvekslingsturen til Polen som det nærmar seg avreise for.

2.-7. mars reisar 14 ungdom frå Ungdomsrådet, ein lærling og to leiarar til vennskapskommunen Wegliniec, der me skal treffa polsk ungdom og ha ulike workshops med overskrifta «Youth and society». Me legg opp til at det er ungdomane sjølv som skal stå for dei ulike arbeidsoppgåvene, som å leia gruppeoppgåver med tema som «Mental helse», «Ein vanleg dag», «Livskvalitet» og sjølvsaugt mykje lek og sosialt samvær.

Me gler oss til å arrangera norsk aften, der me blant anna skal dramatisera «Bukkene Bruse», laga norske kjøttkaker, ha kahoot om norske musikk, samt mykje meir.

Om du vil, kan du fylja turen på Instagram: uraahaa

Gjertine Hognestad
Sekretær i Ungdomsrådet i Hå

**HERREDSVELA
TRANSPORT**
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgenserredsvla@yahoo.no

VARHAUG
hud & fotterapi
HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut
Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN
Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jgunnau@online.no
• SERVICE • DELER
• REPRASJONER



BLI MED PÅ SOMMERENS KJEKKESTE EVENTYR?

I uke 29 er vår årlige bygdefestival med tevlinger, konserter, campingliv og god stemning.

Landsstevnet er det største arrangementet i løpet av året, og arrangeres hvert år i uke 29. I løpet av uken er det rundt 2000 besøkende. Stevnet er fylt med tevlinger, konserter, aktiviteter, venner fra fjern og nær, og mye moro. Rett og slett årets høydepunkt for mange av våre medlemmer!

Vertskapet ruller mellom fylkene, og i 2020 går turen til Øksnevad VGS i Rogaland!

Vi skal på landsstevne 2020, og vi håper og se deg der!

<https://www.nbu.no/landsstevne/>

VB VoldenTollefsen

W Murmester
Waldeland & Dubland

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinneag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
Varhaug Skulemusikkorps,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykkel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløå

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar
Jon Harald Håland,
bedriftsforeninga

Nestleiar
Eli Aanestad, bygdekvinneag

Sekretær
Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Kasserar
Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Styremedlem
Ole Kristian Ødegård,
bygdeungdomslaget

1. varamedlem
Astrid Skreting, Lennsmannsløå

2. varamedlem
Ingvar Reiestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Redaktør
Liv Hoberstad



Juleneket som spirer på tunet.



Program Kultur i Løå vår2020:

- 19/3 *Livsstilsendring og sunn mat med Maggi Gausel*
- 23/4 *«Norske garasjer» med forfatter Miriam Høvik Halstvedt*
- 17/5 *Kulturkveld med musiker Svein Tangwa*
- 23/6 *Jonsok*

Lunsjtreffet kl. 12:00-13:30 i Løå er for alle. 50,- for måltidet.

Datoer: 22/1, 12/2, 26/2, 11/3, 25/3 og 22/4

Programmet oppdateres på plakater, facebook, sms og mail.

Spørsmål til programmet: 938 13 234

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

"LIK" Kultur i Løå på Facebook

TRAFIKK VAKT

Etter at rektor på barneskulen, Johan Om-land, i sist nummer av Varhaugbuen, etterlyste folk som trafikkvakt om morgonen i mørketida, melde det seg to; Aslaug og Asbjørn Dyngeland.

Kvar måndag, onsdag og fredag har dei møtt opp ved Halvorsen frå klokka 07.50 - 08.20 og sett til at ungane kom seg trygt over vegen. Nå etter vinterferien reknar dei med at «jobben» er over for denne gongen. Aslaug seier ungane set pris på dette, og helsar dei med eit blidt «god morgon». Med ei slik fin morgonhelsing, gjer det ikkje noko om veret har vore heller surt av og til.

Då Varhaugbuen var oppom i dag 19. mars, var det speil blankt i både i gata og på fortauet. Trur me såg nærare 50 ungar som ramla enten dei gjekk eller sykla. Men heldigvis var det ingen som slo seg. Til sist fekk Halvorsen tak i strøsand. Me ringde til kommunen og så frå, men dei hadde like før sjekka at det ikkje var glatt. Dette var i solrenninga, og då er det mange gonger at det frys på, eller kanskje så var glattå veldig lokale?

Stor takk til Aslaug og Asbjørn som tok på seg å vera trafikk vakt. Vonar når det mørknar til hausten, at det kjem fleire, slik at både krysset ved Bøen og jernbaneovergangen kan få vakt. Liv


NÅ FÅR ME VIP-TRIBUNE PÅ IDEN



På anlegget til idrettslaget hell dei nå på med ny innebygd tribune, og arbeidet vert sjølvsagt gjort på dugnad. Og når tribunen er innebygd, kan ein vel kalla det for vip-tribune?

**HAALAND
BILVERKSTED**

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66



**HELLA
MASKIN AS**



Jærsk kulturkveld med

SVEIN TANG WA



«Kultur i Løå» inviterer til jærsk kulturkveld
på selveste grunnlovsdagen!
Svein Tang Wa bidrar med drøs og musikk.

17.MAI KL 19:00

LENSMANNSLØA, VARHAUG



Billetter fås kjøpt på Bøen eller linticket.no
300,- + avgift inkluderer mat, kake og kaffe.

Salg av øl, vin, brus og snacks

18 års aldersgrense

Syng deg glad

Hå Trekkspillklubb og Sangkoret Frimenn
i samarbeid med Varhaug IL inviterer til

KONSERT

I Varhaughallen torsdag 28. mai 2020 kl 18.30



Konserten vil vare i ca. 2 timer med innlagt
pause med kaffi og litt å bite i.

God sang og musikk ALLSANGER

Konserten er også tilpasset personer med ulike funksjonshemninger

Billetter selges ved inngangen fra kl. 17.30.
kr. 200,- (inkl. kaffe + noko attåt) Ledsager til funksjonshemmende går gratis.



GUTTEKLUBBEN

Veit ikkje om dei har noko namn, men det er klubben til Iden, får eg vel seia. Dei har nemleg i mange år drive med ymse trearbeid i kjellaren på Velferds-senteret, som idrettslaget så har selt. Dette har vore pensjonistar, som har hatt si tid i idrettslaget, og det er jo naturleg at ein del fell vekk etter kvart. Nå er det Odd Varhaug, Magne Bakke og Oddvar O. Hobberstad, som møtes til sosialt treff og arbeid onsdag ettermiddag. Då eg var innom var det berre Odd og Magne, og dei viste at alder er ingen hindring, for å gjera godt arbeid. Eg fekk vera med då dei sette saman ei leikeløe, og her var presisjonen i orden. Så stod berre pussing og maling att, til løa kunne koma opp på Iden for sal. Dei lagar fleire ting i tre, og desse er utsilt i kafeen på Iden. Løa er ei gild gåve til barnebarn, men det er og mellom annan nokre gilde blomsterkasser og få kjøpt.

Liv



ELGANE

Elgane Motorsykelklubb heldt årsmøte som vanlig siste tirsdag i januar. Me hadde hyra inn Paul Skretting som stødig ordstyrer, greitt å kunne booka han inn eitt år i forveien.

Det møtte ca 40 personer, og wienerbrød, twist og kaffi vart fortært.

I tillegg til styret og medlemmer kom også vår kjære regnskapsfører gjennom mange år, Rune Odland, og gjekk gjennom regnskapet. Elgane har ein solid økonomi, sjølv om det tærer på egenkapitalen å stadig bygge og renovere. Me ventar spent på tippemidler som snart forfell til delutbetaling.

Etter årsmøte ser styret slik ut;

Leder - Omund Thu

Nestleder - Ronny Anda

Kasserer - Elin Hobberstad

Sekretær - Linda Vigre

Styrerepr. speedway - Einar Moi

Styrerepr. motocross - Stein Arthur Vigre

Styrerepr. atv - Øystein Frøytlog

Varamann - Frank Selebø

På årsmøte fekk Rolf Netland ei påskønning for arbeidet han utfører (kun på dugnad) for klubben.

Elgane står klar for eit nytt og spennende år med mange unge talent som skal følges opp. Me håper å koma tilbake med meir spennande nytt i seinare nummer av Varhaugbuen.

Einar Moi har vore ildsjel for vårt siste prosjekt - bygging av nytt depot for speedway. Han har organisert arbeidet, tatt godt vare på dugnadsfolka og lagt ned ein formidabel innsats her. Takk til Einar og alle hans gode venner som har hjulpe han med dette.

Elin Hobberstad



SAUEN OG FØLET

Må seia at styret i Varhaugbuen vart ganske forbausa då dei såg at sauene og følet ikkje kom tilbake på plass, etter at kommunen laga til ein fancy leikeplass utanfor Rådhuset.

Eg etterlyste dyra på servicetorget, men dei visste ikkje kor dei var, men dei skulle sjekka det opp. Etter eit par dagar fekk eg ein telefon. Han som hadde ansvaret for arbeidet utanfor huset, hadde sagt at dei fann ikkje plass til dyra. Dei hadde prøvt å setja dei i nærleiken av inngangspartiet, men der hadde dei visstnok ikkje passa inn.

Sauen og følet er ei gåve frå Varhaugbuen til kommunen, og eg tykkjer det er «litt på kanten» at dei ikkje fann noko plass til desse dyra, som ungane har kosa seg med i lang tid. Då eg var og hadde intervju med «Tunet - eit brukarstyrt senter» fann eg dyra plassert saman med nokre sementblokke og ei trillebår. Ganske uverdig, spør du meg.

Liv

PS. Kunne dei ikkje funne plass til dei på den grønne plenen på sørsida av inngangen?

TUNET – BRUKARSTYRT SENTER

Det er sikkert ikkje mange som veit kva og kor dette er, men viss eg seier «Arbeidsstova eller Aktivitetssenteret på Klokkegarden», så er vel dei fleste med meg.

Dette er eit kommunalt aktivitetssenter for alle i Hå, som av ein eller annan fell utanfor det vanlege arbeidslivet. Men som det står i overskrifta; TUNET er eit brukarstyrt senter, som er ope måndag-torsdag-fredag kl.08.00-15.00. Tysdag, onsdag kl. 08.00-20.00 og laurdag kl. 10.30-18.00.

For 4 år sidan vart bygget renoverert, og har i dag lyse flotte og trivslege lokale. Dagleg leiar er Kjetil Mork, men han var på kurs då Varhaugbuen var på besøk. Men eg vart vist rundt, og fortalt om TUNET av leiar i brukarstyret; Anne Katrine Rugland. Her var det mellom anna datakrå, sykrå, puslekrå, bytekrå (her kunne du koma med eit plagg, og så byta i eit anna). Dei hadde og planar om både å starta med litt trearbeid og kortlaging. Dei er alltid opne for nye kreative aktivitetar.

Monikas kafe - der Monika Nilsen er kokk - lagar kvar dag god gamaldags middag kl. 12.00, der alt er laga frå botnen av. Til vanleg kjem det 10 personar som et i lag. Ein middag kostar kr. 50. Her er det og høve for folk utanfrå å koma og kjøpa middag, men dei må bestilla dagen før. Det kjem oppslag om menyen kvar veke, så her kan brukarane alltid veta kva mat dei har i vente.

I tillegg til alt dette har dei strikkekafe siste måndag i månaden frå klokka 18.00 og utover. Dei har grøt 3. kvar laurdag. Kvar måndag er det internt møte, der dei i tillegg til aktuelle saker, tek opp ris og ros. Her legg dei vekt på framsnakk i staden for baksnakk.

Brukarane held seg ikkje alltid innomhus. Kvar måndag drag dei på tur frå kl. 10.00 - 13.00. Så langt i 2020 har dei vore i Salteskogen, Svingen Grill, Sandtangen, Åna hytta, Ogn/Ueland og Bowling på Bryne. Av og til er mat inkludert, men dei fleste tek med seg niste/vassflaske. Dei tek og med varmt vatn, pulverkaffi/kakao og te.

Alder på brukarane er 30-70, og alle er velkomne til å vera med. Dei har ein minibuss med plass til 8, men vert dei fleire får dei låna ein buss av Vinkelbygget.



Senteret har eit godt samarbeid med VIL via Folkepulsen, som gjer at dei kan treni i styrkeromet på Iden tysdag ettermiddag og torsdag morgon gratis i eit år. Når året er over, kan dei fortsetja treninga med redusert kontingent, takka vera eit fond.

Senteret har og eit godt samarbeid med kulturskolen, og kvar fredag er det Musikkgruppe med Lars Ole Bergersen og Inger Elisebeth Aniksdal frå kl. 10.00-12.00.

Vinkelbyggt har og eit rom nede på senteret, der dei driv med reparasjon av Jærstolar.

De finn mykje om senteret på facebook, og her finn de og menyen for dagen, om du vil eta her.

Det er og ein lita «sals-hylle» på senteret, der du kan kjøpe småting som vaskefiller, vetter mm. Inntekta av dette går til forskjellige aktivitetar for brukarane.

Senteret har og hatt busstur til Norwegian Outlet, og i mai skal dei ta toget til Kr.sand S.

Dei har og hatt i gang eit prosjekt for utføre som hatt diverse målearbeid i kommunale bustader på Nærbo. Her har dei fått løn kr. 200 pr. dag. Elles har dei og hatt førefallande arbeid ute på kommunale anlegg alt etter årstida.

Eg takker Anne Katrine for grei visning og orientering. Kanskje tykkjer du som les dette, at TUNET kan vera ein gild stad og stikka innom. Her kan du kjøpa deg mat, eller ei lita gåve, eller du kan berre drøsa litt med dei strikkeglade damene som er der.

Liv

BYGGGEARBEID PÅ SPAR OG EXTRA

Inne på Extra og i gangen på Spar har det vore byggeaktivitet i dei siste. På Spar er dei nå ferdig. Dei har fått ein ein panteautomat der ein kan tømme oppi ein hel sekk med tomgods. Nå slepp ein og ta flaske for flaske. Etter det eg forsto var det berre 5 andre butikkar i landet som hadde liknande. Kva dei skal gjera på Extra veit eg ikkje heilt, men kassane var flytta lenger inn i butikken og det var kome mange stader ein kunne scanna varne sjølv.

VIPA OG GISLEFOSS

Eg såg ho først i februar
Ein stad der kjelva var heilt bar
Ho virka sliten og litt redd
Var kald og skjelven - lite kledd

Kan hende trega ho eit grann
At ho så tidleg for frå land
Frå milde kysters sol og varme
Til Jærens kalde frost og harme

Eg sa: velkommen kjære venn
Kjende henne straks igjen
Sendte bøn til Gislefoss
Om vår til vipa - og til oss

Sjur Håland

3. KLASSANE MED EIN SPESIELL SKULEDAG

Saman med 3. klassane frå Varhaug, fekk eg 15. januar vera med på skuletimar på Lerbrekk gamle skule. Lærarane - i høve dagen - var Reidun Skretting og Sigbjørn Lerbrekk. Dei hadde begge vore elevar her på 50 talet.

Reidun fortalte at dei alltid måtte stilla fint opp før dei gjekk inn og stilte seg attmed pulten, der dei hel-sa fint på læraren, jentene neia og gutane bukka. Ho fortalde og at dei i alle åra hadde kristendom i første time. Dei starta og alltid første timen med ein song, og slutta alltid dagen Fader vår. Reidun har vore lærar i mange år på Varhaug, der kledokoden vel var heilt fritt. Men i dag på Lerbrekk hadde ho på seg eit sidt skjørt, for å passa inn i tida. Ho fortalde at det var ikkje vanleg at jentene bruka langbukse, slik som nå. Ho vart 10 år før ho fekk seg bukse, då ei av fløyel.

Sigbjørn var den perfekte læraren frå gamle dagar med vadmålsbuksa og lommeuret henganda utan-på. Han hadde matboks og mjølkeflaske, som han fortalde elevane at denne sette dei frå seg i vindau-go, slik at mjølka skulle verta god og varm i sola. Det var ein elev som lurde på kva den store vassbøtta hadde å gjera i klassen, og Sigbjørn fortalde. Det var ikkje innlagt vatn på skulen, og vart einkvan tørst i løpet av timen, var det berre å ta ausa og drikka litt, og så sette dei berre ausa tilbake i bøtta. Slik var heilt normalt å gjera. «Me drakk av same ausa, eg trur ikkje det var nokon som vart sjuke», sa Sigbjørn. Det var ikkje fritt for at fleire av elevane ilte litt både av vassbøtta og mjølkeflaska i vindaugo.

Elevane fekk både med seg karta ein trekte ned framfor tavla og dei store plansjane ein bruka i kristendomsundervisinga. (Gildt for meg og å kunna mimra litt om gamle skuledagar. Eg gjekk jo på Bryne, men kart og plansjar ver dei same der og.)

Elles var elevane veldig flinke til å stilla spørsmål til «lærarane» Eg tykte og dei var veldig disiplinerte og rolege.

Det var ikkje plass til alle 3. klassane på ein gong. Dei vart delte i pulje, og mens den eine fekk «undervisning» på pultane, var dei andre inne i stova på nord med teikning. Det var heller ikkje nytta skulekyss frå stasjonen og ned til riksvegen, her måtte elevane bruka føtene, akkurat slik alle måtte før i tida. Det var ein veldig kald vind den dagen, men det såg ikkje ut som elevane brydde seg noko om det. Dei fleste var godt kledde i tjukke dresser, og det kom godt med då det var matpause. Den hadde dei ute, nokre i livd av skulehuset.

Det var og høve til litt lek i friminuttet, men den vart noko redusert grunna den fæle vinden. (Då mannen min gjekk på skulen på Lerbrekk på 40-50 talet fortalte han at dei slo ball på riksvegen, for det var ikkje ofte det kom bilar). Det hadde i alle fall ikkje gått an i dag, for her susar bilane forbi heile tida.

Eg trur alle, elevane, lærarane som var med, lærarane for dagen og ikkje minst underteikna hadde nokre trivslege skuletimar på Lerbrekk. Veldig viktig at dei unge får oppleve «gamle dagar» på ein så givande måte.

Liv



TREKLØVEREN BARNEHAGE ER 40 ÅR

Barnehagen hadde jubileumsfest like før forrige nummer av Varhaugbuen skulle ut, så difor tek eg med litt nå.

Eg har vore i barnehagen, og snakka med leiar, Siri Kartevoll. . Det var Varhaug sanitetsforeining som starta den første barnehagen på Varhaug i 1979, då med 18 ungar. I starten var namnet Varhaug barnehage, men i 1981 vart det endra til trekløveren barnehage. Dette var nok lurt, og ikkje minst viktig, for trekløveren er jo Norske kvinners Sanitetsforeining sitt merke. Og det er nok ikkje mange i dag som kjem på at det var saniteten på Varhaug som fekk dette i stand, dei fleste trur nok at det var kommunen.

Trekløveren barnehage er to barnehagar med 103 ungar, delt på Pilevegen 5 med avdelingane lind, eik og pil, og Skulegata 14 avdelingane marihøna, maurtua og bikuben.

Ved opninga i 1979 var Jærbladet på plass, og dei snakka då med leiar i Sanitetsforeininga, Torunn Ånestad, og Jærbladet lurde på koss dei hadde klart å skaffa pengar til eit så stort prosjekt. Torunn fortalde at dei hadde fått stønad og lån frå staten i tillegg lån i lokalbanken. Hå kommune har stilt tomt til disposisjon, og har lova å dekkja underskot av drifta. Torunn gir skryt til byggekomiteen og Brødr. Hetland AS, som stod for bygginga.

Jærbladet spør Torunn om det er nokon som stiller seg uforståande til barnehagebygget, og får dette svaret: «Litt skepsis har me møtt. Det er nokon som meiner at foreldra sjølv ta seg av ungane sjølv, og ikkje senda dei frå seg. Eg vil difor gjerne streka under at foreldra både har plikt og rett til å oppseda ungane sine, og at barnehagen berre er ei hjelp i dette arbeidet».

Det var i 1979. Reknar med at Torunn kjenner igjen svaret sitt. Nå er me i 2020, og Siri kan fortelja at det er foreldre som har ungar i Trekløveren nå, som sjølv har gått der. Det var gildt å koma tilbake her, for i 1982/83, gjekk minstejenta vår, Lise, her. Eg kunne kjenna meg litt igjen, men det var sandeleg ikkje lett, for mykje er skjedd både innomhus og utanfor sidan den tid. Lure på om ikkje avdelinga heitte

Marihøna då?

Nå kan ungane starta når dei er 1 år, og gå til skule-start. Det er ikkje alle ungane som er i barnehagen 100%, foreldra kan velja om dei vil ha delt plass.

I brosjyren for Trekløveren barnehage les eg: «Visjonen vår er **Barn og voksne opplever trygghet, tid og trivsel.**

Trygghet er grunnleggende for arbeidet i barnehagen.

Vi tar oss **tid** til lek i Trekløveren.

Trivsel skapes gjennom positive opplevelser».

I tillegg til alt som ungane har føre seg innomhus, er dei ute på tur til Leksaren og friområdet ved Fellesen og åna. Dei går og opp til Iden kvar tysdag, i all slags ver. Her er det tydeleg at det er ingen ting som heiter dårleg ver. Dei minste ungane har brukt gym.salen på skulen, men nå i byggeperioden har dei nytta seg av gym.salen på ungdomsskulen til sine aktivitetar.

Til sist må eg nemna Skuleklubben. Her får dei i barnehagane, som skal starta på skulen til hausten, vera med frå januar månad. Dei møter på skulen annankvar fredag, der dei vert kjende med lærarane, klasseroma og ungar frå andre barnehagar, som dei skal begynna på skulen med. Dette må vera med på og gje ungane ein fin og god overgang til skulelivet. Husker frå mi tid at det ikkje var like lett for dei ungane som kom frå gardane utanfor stasjonen, og ikkje var van med å ha så mange ukjente rundt seg. Liv



VARHAUG PENSJONISTLAG

Vart stifta i 1986 av Johanna Aanestad. Me har lagsmøte siste tysdag i månaden. Møte er nå i det sosiale romet på Iden - Jæren Sparebank Arena - sidan det er byggearbeid på skulen, der me før hadde møta. I 2019 hadde laget to turar, vår og haust. Me hadde stand på Spar og Extra for å verva nye medlemar. Me har arrangert datakurs og Bilfører 65? Dette siste kurset skal me og ha nå i mars. Styret er nå: Leiar Haldis Bakke, nestleiar Aud Bratland Bø, sekretær Klara Reime Ueland, kasserar Johannes Stokkeland, styremedlemar Reidar Erga, Magne Håland og Torun Halldis Berge. 1. varamedlem Egil Salte og 2. varamedlem Bjørg M. Reiestad. Revisor Ruth Einervoll, vararevisor Odd Einervoll. Valnemnd for 2020: Gunvor Maivis Madland og Gustav Håland.

Klara Reime Håland



NATTERAVNER PÅ VARHAUG

Natteravn på Varhaug er en dugnad i samarbeid med foreldre, besteforeldre og andre samt Bygdekvinnelaget og Bondelaget som har interesse for å overvåke ungdomsmiljøet i bygda.

Stort sett oppfører ungdommene våre seg pent, og setter pris på at voksne er ute i helgene og følger med. Vi skal ikke være noe Politi som griper inn i episoder, men det hender at vi må kontakte foreldre og opplyse om episoder som ungdommen deres er kommet opp i. Også sivilt politi er å treffe av og til. De setter stor pris på dugnaden vi utfører.

Natteravndugnaden utføres fredag og lørdag fra kl. 21 til kl. 01. av minimum 2 personer pr. kveld. Da er det å vandre rundt i bygda med natteravnjakke og vise at vi er til stede og være til hjelp om noen spør om det, og det hender. Vi er ikke nok personer til å dekke hver kveld og helg, så kan noen tenke seg å være med så er vi glade for det.

Kveldene forløper seg slik at vi henter ut nøkkel på Bøen, og har et rom i brakkebygget på barneskolen der vi finner jakkene og kan ta en kopp kaffe og varme oss når det behøves. Dette er også sosialt.

Er noen interessert i å være med på laget en kveld i året, så ta gjerne kontakt med undertegnede.

Kyrre Skrettingland
Leder FAU Varhaug Ungdomskule
Mobil: 909 40 250
Mail: kyrre.skrettingland@fkra.no



ESSO - VARHAUG

Dei hadde jubileum rett før Varhaugbuen kom ut i november. Men eit 50 års jubileum kan me ikkje berre hoppa over, så her kjem det litt nå.

24. november 1969 er dato då kontrakt og avtale med kåre Øvestad og Esso vart underskriven. Eg har ein gamal kompis frå Sandnes, Odd Berg. Han var då sonesjef i Esso for Sør Rogaland. Eg snakka med han på jubileumsdagen, og han kunne fortelja at då var det eit stort håll på tomta, der folk kunne levera overskotsmasse. Då var det og stor husbygging på Varhaug, og det var ein grei plass å verta kvitt det dei gros ut på tomte. Tøri og Bjarne Skeie var og på Esso på jubileumsdagen, og Bjarne fortalde at han var ein som bygde hus då, og fekk kvitta seg med masse på tomte til Esso. Odd Berg fortel at til slutt kom det så mykje masse, at dei måtte til å køyra noko vekk for å få stasjonen klar.

Kåre Øvestad døydd i 2003. Nå er det Lisbet og Frank Håland som er eigarar, og dei har vore med som medeigar sidan 2009. I 2012 kom og Tone Rigmor Hovland og Svein Borgen med på eigarsida.

Esso stasjonen har opp gjennom desse 50 år vore gjennom fleire bygge- og oppussingsarbeid. Siste store prosjekt vart gjort i 2014.

I dag har Esso ein godkjent verkstad med 3 tilsette, og i butikken er det 9 som deler på arbeidet.

Varhaugbuen ynskjer Esso til lukke med 50 år på Varhaug, og seier tvi, tvi til dei neste åra.

PS. Må berre ta med noko personleg. Me har i alle år vore kunde hos Esso. Først med Kåre og nå med Frank og Lisbet.. Både på verkstaden og inne i butikken har eg alltid fått førsteklasses service.

SY KAFÈ

Dei fleste har nok høyrte om strikke-kafè, men kva er vel ein sy-kafè? Jau, det er omtrent det same, men her tek ein med symaskinen i staden for «spøde».

Då eg var inno i Velferdssenteret på Varhaug 19. februar, fann eg 5 damer ivrig oppteken med symaskinen og fine fargerike stoff. Det er Brit Håland, som er primus motor som lærar, og ho hadde 4 lærevillige elevar. Biletet viser Liv Reiestad og Bjørge Reime Håland med noko av det dei har laga. Høyrdes dette gildt ut, og har du lyst å vera med? Då er det berre og ta symaskinen med og koma på Velferdssenteret på Varhaug måndag 18. mars frå kl. 16.15-19.00.

Liv

VARHAUG BONDELAG 100 ÅR



I høve dette jubileet held Sjur Håland på med ei bok.


«Det er ikkje ei bok berre for bønder» seier Sjur - «Det er ei bok frå bygda Varhaug og om bygda Varhaug 1920-2020». Boka skal lanserast laurdag 31. oktober, dagen etter at bondelaget har feira seg sjølv. Ein må markera at ein vert 100 år, og dette skal bondelaget gjera med ein fest fredag 30. oktober.

Meir info både om festen og boka kjem i nester nummer av Varhaugbuen.

Liv

SKULEKORPSET

Reknar med at det er andre enn meg, som saknar korpset. Hadde vore gildt om det var einkvan der ute som kunne få det i gang igjen. Hadde vore gildt med ny skule og nytt korps. Helsing ei gamal korpsmor.



STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

14. mai 2020

Det kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

VARHAUG IDRETTSLAG

Har års fest lørdag 14. mars kl. 19.30, med Per Inge Torkelsen som konferansier. Det vert middag, pris-utdelingar, musikk og dans. Festen er gratis. Påmelding på VIL's nettside.

VARHAUG IDRETTSLAG

Har årsmøte måndag 16. mars kl. 19.30. Sakliste finn det på nettsida til VIL, men det er og høve til å finne ei papirutgave på Iden.

VENNELAGET

for Lensmannssløa mandag 16. mars kl. 19.00

VARHAUGBUEN

Mandag 30. mars kl. 19.00. Her vil Oddbjørn Lerbrekk koma og fortelja om Alexander Kielland forliset.



En alliansebank i eika.



Du blir større i en mindre bank
Vi kjenner nabolaget ditt, bygda di og byen din. Jo bedre vi blir kjent med deg og dine behov, jo bedre kan vi hjelpe deg.



Du kan'kje drikke kaffe på telefonen
Vi tilbyr ansikt-til-ansikt kontakt med våre rådgivere på et kontor nær deg. Daglige behov fikser du enkelt i mobilbanken vår.



Jærsk business er vår business
Vi tilbyr små og mellomstore næringskunder et bredt og kompetent tilbud. Fire rådgivere vier all tid til landbruket.



Vi støtter og sponser lokalmiljøet
Vi pløyer deler av overskuddet tilbake til ditt nærmiljø, slik at Klepp, Time og Hå blir enda bedre å bo og leve i.



Du får rask respons og treffer fjåge folk
Våre rådgivere kan hjelpe deg med veldig mye. Hos oss møter du mennesker, ikke roboter. Våre medarbeidere bor og virker i lokalmiljøet.

Hvorfor velge Jærens eneste lokalbank?



Telefon 915 03290 | www.jaerensparebank.no

KULLSYREMASKIN

FRA AGA



899,- inkl. patron



ny patron

269,-

bytte av patron

149,-

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

- EU kontroll
- Hjulstilling
- Service
- Tilhengerservice
- Salg av dekk
- Dekkhotell



Varhaug Servicenter A/S

Godkjent bilverksted • 51 43 02 33

TID FOR KALKING OG GJØDSLING!



**HEL-
GJØDSEL**
15 LITER
kr 199,-

2 STK

299,-
2 x 15 liter

**FK HAGEKALK
GRANULERT**
25 KG

89,-



**FK HAGE-
GJØDSEL**
25 KG

349,-

FK BUTIKKEN VARHAUG
Tlf. 51 77 14 70

Mandag – fredag: 8–17
lørdag: 9–14



butikkken

fkra.no/fkbutikkken